

nyss

Nyhende Sport Kultur Nyss TV Meiningar Folk Egedomssal E-avis Bli abonnent

1

- lokalavisa for Stranda og Sykkylven

Nyhende →

Kom langvegs frå: – Her har vi funne ei skjult perle

Sarah Gargett (56) og Mark Hardwick (58) har funne sitt Shangri-La på Stranda, saman med sine to tenåringsdøtrer og hunden Billy.



Det var utsikta familien fall for, då dei kjøpte huset i Helsemvika. Frå v.: Sarah, Georgia (med hunden Billy), Mark og Kate.

FOTO: RITA LØSETH

**Rita Løseth**

46 76 40 38

Oppdatert: fredag 13. september 2024 kl. 09:01

Familien har slått seg delvis ned på Stranda, då dei også har eit hus i Andorra, eit lite land som ligg mellom Frankrike og Spania i den austlege delen av fjellkjeda Pyreneene. Det er naturen og moglegheitene den gir som har dratt dei til Noreg, forklarar dei, og legg til at dei globale endringane gjer landet til eit stadig meir attraktivt land, både å i bu og reise til.

Familien har kjøpt seg hus i Helsemvika og har allereie oppdaga at Stranda, ja, det ligg midt i smørauget, med korte avstandar i kvar retning til tallause attraksjons- og aktivitetstilbod.



Utsikta er ikkje mindre spektakulær frå stovevindaugen i Andorra, men nokon fjord kan dei ikkje skilte med.
FOTO: PRIVAT



Familien har ein campervan som dei ofte reiser rundt i. Biletet er tatt under ein ferietur til Catalonia. **FOTO:** PRIVAT



Middag i nydeleg natur, frå balkongen i Andorra. **FOTO:** PRIVAT

Globalt liv

Opphaveleg kjem paret frå Perth i Australia, men gjennom åra har dei levd ulike stader, med innslag frå både storby- og landsbyliv. Etter enda skulegang i Australia, nytta dei seg som mange andre av nomadevisumet, som alle australiarar får tilbod om i Storbritannia, og budde i London i fleire år. Her vart også deira to barn fødd, Georgia (snart 19) og Kate (17).

Då jentene var fire og seks år, flytta familien til Andorra, der jentene byrja på fransk skule og barnehage. På valet mellom fransk, spansk, katalansk og internasjonal skulesystem, landa dei på fransk, men ifølge Kate gir alle skulemodellane ei grundig innføring i alle dei tre språka, i tillegg til det engelske.

– Vi høyrer vel til ein aukande del av befolkninga, som lever meir globalt. I Australia var det heilt vanleg at ein reiste ut etter ein var ferdig å studere, og slik vart det også med oss. No er det vel også vanleg at dei fleste vender tilbake etter nokre år. Det skjedde aldri med oss, og vi ser vel heller ikkje at det kjem til å skje, fortel Sarah.

På ferie i Plitvice waterfalls i Kroatia. **FOTO:** PRIVAT

Digital jobb og skule

Heile familien har tilpassa seg eit nomadisk tilvære, og arbeider innan felt dei kan utføre digitalt. Sarah er digital marknadsførar og Mark ingeniør, for tida er han teknisk sjef for eit selskap i Andorra. Også jentene har sikra seg fleksibilitet, og gjennomfører nettbasert skulegang. Georgia er no ferdig med international bachelor og er i tenkeboksen omkring vidare vegval. Truleg vil valet falle på biologi. Kate derimot har målet klokkeklart i sikte. Ho vil bli konseptkunstartist, ei form for illustratør. Begge ser for seg studium i utlandet.

– Eg tenker at verda er alt for vakker til å ikkje bli utforska, seier Georgia, som i neste månad reiser til Mallorca, der ho skal bu med familie og arbeide på ein fransk konkurranseglobbåt onkelen hennar har bygd. Når Kate er klar for vidare studium, går vegen truleg til Paris.



Jentene i eit blomehav i Andorra. **FOTO:** PRIVAT

Folka viktigast

Mark seier det viktigaste for dei, er at jentene skal ha moglegheiter, at dei skal kunne oppleve ulike stader og prøve seg på ulike oppgåver. Tidsperspektivet er mindre viktig, berre dei finn retning, meiner han. Med det nye huset vil jentene i tillegg ha moglegheit for å ta med seg venner og kjente hit, bu her ein periode og vise fram alt det Stranda har å by på, noko Mark ser på som ei stor gáve.

– Det kjennest jo heilt annleis ut å bu ein stad, enn å besøke den. Ein blir meir investert og blir kjent med folka å ein annleis måte, får venner og naboor, som i somme tilfelle blir begge deler. For plassar kan vere fine, men det er folka som verkeleg betyr noko, seier Sarah.

Huset på Stranda blir ofte omtala av Sarah som «lovely». Her kjenner ho seg lukkeleg og har funne roa.
FOTO: RITA LØSETH

Ei perle

Sarah innrømmer at ho var skeptisk først, etter å ha lest at nordmenn kan vere ei reservert folkeferd. Dette har ho endra syn på etter dei etablerte seg i Helsemvika og blei kjent med bygda elles.

– Vi har fantastiske naboar og har allereie bytta kaker og røykelaks og anna med dei, fått musserande vin i gåve og drukke morgenkaffi i lag, fortel Sarah.

Så dei har funne seg godt til rette. Mark meiner han har funne eit slags Shangri-La, ei skjult perle, og spør: – Kvifor er det så få i verda elles som veit om denne vakre staden?

Dottera Kate liker dei små forholda, der det er lettare å bli kjent med folk, noko som minner henne om Andorra. Dessutan vil ho lære seg norsk, stadfestar ho.

Frå ein skitur i Andorra. **FOTO:** PRIVAT

På tur i Aigüestortes national park i Catalonia. **FOTO:** PRIVAT

Fjellfolk

Men først er målet å langsamt bli ein del av samfunnet. Deira opphaldsløyve i Andorra, som dei helst ikkje vil miste, krev at dei oppheld seg der minst seks månader i året, så familien vil veksle litt mellom sine to hus. Men årstidene er spennande i det nye landet, og dei vil gjerne ha med seg litt av alt, ikkje minst er vinteren viktig med tanke på skikøyring.

For familien er fjellfolk. Mark elskar ski og vil nå dei høge toppane. Men fjella er like aktuelle sommarstid, og då gjerne på sykkel. Sarah går turar både med og utan ski, men unngår gjerne dei høgste toppane, og jentene er med på det meste foreldra gjer, men legg til jogging og symjing. Ein aktivitet dei har planlagt å ta opp att no som dei bur ved fjorden, er brettsegling og kajakkpadling, som dei meiner må vere perfekte forhold for her.

– Vi har faktisk bada i fjorden kvar dag sidan vi kom, og sjølv mamma har lagt på svøm, som nok meiner temperaturen er litt vel frisk. I tillegg har vi hausta av naturen, ved å plukke sopp i store mengder, bær, plommer og eple, som er heilt storvegs, fortel Georgia.

Sarah og Mark er fjellfolk. Her på tur i Dolomittene i Italia. **FOTO: PRIVAT**

Også i Andorra er det mykje snø vintrane. **FOTO:** PRIVAT

Sarah og Georgia gjennomførte via ferrata i den italienske delen av Dolomittene. **FOTO:** PRIVAT

Rom for kreativitet

Mark ynskjer også at huset skal bli ein slags kreativ retreat, då både han og døtrene er ivrige tekstforfattarar på sine område.

- Eg gler meg til å bli betre kjent med staden, for eg trur det er mykje eg kan lære her som eg kan bruke i skrivinga mi. Eg opplever også at eg blir veldig nysgjerrig på ting og folka her, noko som gir meg mykje inspirasjon, seier Kate.
- For meg handlar det meir korleis eg har det inni meg når eg er her, fredfull, roleg og lukkeleg, avsluttar Sarah.

Familiehunden Billy seier heller ikkje nei takk til ein fjelltur. **FOTO:** PRIVAT

Publisert: torsdag 12. september 2024 kl. 21:00

Oppdatert: fredag 13. september 2024 kl. 09:01



UTFORSK TEMA:

[ANDORRA](#)

[STRANDA](#)

Vi nyttar cookies for å betre brukaropplevinga på nettstaden vår. Se vår cookieerklæring for fleire detaljer. [Les meir.](#)

ANSVARLEG REDAKTØR OG DAGLEG LEIAR
Monica Aure Fallingen

Redaksjonen
redaksjon@nyss.no
Kundeservice
70 25 48 48
annonse@nyss.no
abonnement@nyss.no

The logo for Nyss, featuring the word "nyss" in a stylized, lowercase, red font.

Nyss arbeider etter **Vær Varsom-plakaten** sine reglar for god presseskikk. Sjå òg **Redaktøransvar**. Nyss har ikkje ansvar for innhald på eksterne nettsider som det er lenka til. Alt innhald er verna av opphavsrett 2024 © Nyss.

[Informasjon om bruk av «cookies» og personvern](#)**policy.**

[Samtykkeinnstillingar](#)

[Informasjon om openheitslova.](#)